

Offensiv fjordvarmesatsing

Fjordvarme AS satsar offensivt med endra vedtekter og auka bemanning for å kunne utvikle selskapet vidare.

På generalforsamlinga torsdag melde styreleiar Arild Hjeltneland om auka interesse for fornybar energi. Dei har difor auka bemanninga ved å tilsetje siviløkonom Stephan ter Stege, for å kunne ta på seg fleire oppdrag og utvikle selskapet vidare.

Hjeltneland pekar på at den lokale effekten av fjordvarmeproduksjonen er at kundane lokalt er sikra låg pris på fornybar energi. Med fleire kundar vil ein kunne forsterke denne utviklinga. Under generalforsamlinga peika Hjeltneland på at rimeleg miljøvenleg energi er eit viktig moment i tilrettelegging for nyetablering, mellom anna ved at ein då stettar forskriftsfesta miljøkrav for nybygg. – Dette sanna med gratis parkering og null eigedomsskatt, gjer Eid til ein unik kommune, sa Hjeltneland, og murring som tilsvær på det som vart oppfatta som eit politisk utspel.



Eid fekk vart nyleg kåra til årets varmepumpekommune for fjordvarmesatsinga si. Her er Eid-ordførar Sonja Ekvatnassen flankert av fjordvarmekarane, styreleiar Arild Hjeltneland og dagleg leiar Magne Helle.

Klimavenleg
Styreleiar Arild Hjeltneland ser føre seg eit stort potensiale for bruk av fjordvarme. Det er mange byar og tettstader som kan bruke energi frå sjø. Potensialet i Sogn og Fjordane er rekna til 340 GWh årleg ved full utbygging, tilsvarende ein reduksjon i utslapp av CO2 på 100.000 tonn. På landsbasis er potensialet ifølgje Hjeltneland på 5.000 GWh, og vil kunne gje ein reduksjon i CO2-utslapp på 10 prosent av målsettinga i klimameldinga innan 2020. Fjordvarme AS ser også føre seg at

fjordvarme må nyttast meir i mange land i Europa, og at det er eit berikrande klimatilak som også på verdsbasis bør få meir fokus.

Skalløvere tenester til heile landet

Generalforsamlinga i Fjordvarme AS vedtok vedtektsending som mellom anna inneber å ta bort formuleringane om at selskapet sitt føremål er drift og marknadsføring av fjordvarmesystemet for Eid kommune og at føreseiaden for drifta av fjordvarmesystemet skal vere basert på sjølvkostprinsippet.

I dei nye vedtektene heiter det at føremålet til Fjordvarme AS er å levere tenester innan rådgjeving, prosjektering og drift av energianlegg til oppvarming og kjøling ved bruk av termisk energi frå vatn. Hovudkundar er utbyggjarar, byggeigarar, energiselskap og kommunar i heile landet.

Positivt årsresultat

Fjordvarme AS hadde i fjor ein omsetnad på 2.150.108 kroner og eit positivt årsresultat på 78.955 kroner. Styret melder at framtidssjansane er gode. Selskapet leverer miljøvennlige løysingar innan fornybar energi. Av årsmeldinga for 2010 går det fram at selskapet skal med økonomisk føremål engasjere seg i utbygging og drift av anlegg for energi frå sjøvann andre stader i landet som rådgjevar, tilrettelegjar og om ønskeleg også leverandør av løysingar. I

tillegg skal selskapet drifte og marknadsføre fjordvarmeanlegget på Nordfjordeid, ut frå avtale med anleggseigar Eid Fjordvarme KR. Selskapet hadde i fjor rådgjevingsoppdrag for Volda kommune, Nordal kommune, Sognekraft AS og Sunnfjord energi, i tillegg til fleire mindre oppdrag.

Aksjekapitalen til selskapet er 1.300.000 kroner. Eid kommune har i dag 98,23 % av aksjane i Fjordvarme AS. Kommunen har

opna for å kunne redusere sin eigardel ned til 34 % til fordel for private interessentar. Samstundes ønskjer selskapet å styrke eigenkapitalen for å kunne auke bemanninga og styrke kapasiteten på utdretta arbeid med å utvikle og følgje opp nye utbyggingsprosjekt.

ANNA WUTTUDAL
anna.wuttudal@fiordablaget.no
Direkte telefon: 57 88 53 15

Ber om forståing for redusert sløttefrekvens

Tiliks med etatane i Eid kommune må også Kyrkjaleve med lågare driftsrammer for 2011 enn tidlegare år.

Kyrkjeverje Kristen Hundede opplyser at dette betyr at ein mellom anna ikkje vil make å halde sommarvedlikehaldet (slått) på kyrkjegardane på same nivå som tidlegare.

– Vi ber om forståing for dette og vonar at folk vil akseptere at kyrkjegardane våre ikkje kan vere nyklippede til ei kvar tid. Vi ber også om at dei som eventuelt ynskjer å klage på dette ikkje let frustrasjo-

nen gå ut over dei tilsette som arbeider på kyrkjegardane, men tek direkte kontakt med kyrkjeverja (tlf. 97034535), seier han.

Rydd og sorter

Kristen Hundede oppmodar elles folk om å hjelpe til med å frigjere mest mogleg tid til vedlikehaldsarbeid ved å vere meir nøye med kva ein legg att i søppelbeholdrane på kyrkjegardane. Han fortel at dei tilsette diverre må nytte altfor mykje tid til å tømme beholdarane og sortere innhaldet. Dette går då på kostnad av tid som gjerne kunne vore brukt til andre føremål.

– Vi oppmodar folk om å vere nøye med å sortere avfall som kan komposterast (plantar, jord, ugras, osv.) frå avfall som ikkje er komposterbart. Vi oppmodar også folk om å ta med seg heim att tommehallasje, og liknande, slik at avfallsmengda kan halast på eit minimum.

Bitet illustrerer korleis søppelbeholdarane ofte ser ut og synner at her går det med mykje tid til å rydde opp. – Slik vil vi ikkje ha det, seier kyrkjeverje Kristen Hundede.

